

19. Organisasjonsfaglig didaktikk

År om anna har “undervisning i organisasjon- og leiing” vore teke opp som tema på NEON-dagane (2006, 2008, 2011, 2012). Vi inviterer til dette også under konferansen i Bergen 2013. Papers og andre faglege innspel under den breie innfallsvinkelen ‘organisasjonsfagsdidaktikk’ er velkomne.

Sesjonen vil ha to delar. Den fyrste delen er ein papersesjon. Bidraga her kan spenne vidt, men bør grunnleggjande handle om *korleis* vi formidlar dei innsiktene fagområdet organisasjon og leiing forvaltar. Det kan handle om formidling av etablerte omgrep og tenkjemåtar, men også om korleis ny forskning om organisasjon og leiing blir gjort kjent for studentar, ålmenta og praktikarar.

Slik sett kan bidrag handle om undervisning for ulike målgrupper, om undervisningstekstar og om populærvitskapleg formidling. Sesjonen er open både for teoretiske refleksjonar og empiriske arbeid, døme på undervisningsopplegg og evaluering av undervisningsopplegg. Vidare inviterer vi til innlegg som rettar søkelys på pedagogiske og didaktiske utfordringar i organisasjonsfaga, eller på alternative framgangsmåtar i handtering av slike utfordringar.

Den andre delen er ein rundebordsdiskusjon med tre innleiingar. Vi vil her fokusera på korleis organisasjonsfaget kan bli brukt og korleis ulike måtar å bruka faget på har konsekvensar for korleis vi underviser om det. Kjetil Børhaug (tema generelt) og Øyvind Glosvik (organisasjonsfaget i profesjonsutdanningane) blir to av innleiarane, vi vil også finna ein tredje. om bruk av organisasjonsfagleg innsikt i øk-adm samanheng.

Tidsramma for denne delen vil vera 3 timar.

Ansvarlige: Kjetil Børhaug, Universitetet i Bergen og Øyvind Glosvik, Høgskulen i Sogn og Fjordane

Kontakt: kjetil.borhaug@uib.no